

Søknad om skadebot frå staten

til skadelidde eller etterlatne for personskade
valde ved strafflagd handling
Unnateke offentlegheit etter utfylling.

Sendast Kontoret for voldsoffererstatning
Postboks 253, 9951 Vardø
Du bør først lese side 3 og 4.

1. Personopplysningar om søkjar		
Namn på søkjar		Fødselsnummer (11 siffer)
Gateadresse	Postnummer og poststad	
Søkjar sin e-post	Telefon	Mobiltelefon
Søkjar sitt yrke	Arbeidsgjevar	Skattekommune
1.2 Personopplysningar i saker med erstatning til etterlatne		
Namn på avlidne		Avlidne sitt fødselsnummer (11 siffer)
Siste postadresse		Dato for dødsfallet
Avlidne sitt slektskap med søkjar, og forsyrtarbyrde		
Vert det søkt om erstatning frå fleire personar i samme tilhøve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
2. Gjeld søknaden born som har opplevd vald mot nærstående? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Søker fleire personar skadebot for same sak? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Merknader, kommentarar til søknaden om den gjeld born som har opplevd vald mot nærstående		
3. Den strafflagde handlinga		
Stad (kva skjedde skaden?)		Skadedato
Namn på skadevaldar		
Postadresse		
Kort skildring av den strafflagde handlinga		
4. Melding til politiet		
Er den strafflagde handlinga meldt til politiet? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Meldt til følgjande politidistrikt	Dato for melding til politiet
	Nummer på melding til politiet (anmeldelsesnummer)	
Om saka ikkje er meldt til politiet, gjer kort greie for årsaka til dette		
5. Skildre skaden (legg ved legeerklæring, m.v. og spesifikasjon av utgiftene til behandling)		
Skadens art		

6. Trygdeytningar som skadelidde eller etterlatte har fått pga. skaden			
Søkjær har hatt følgjande ytingar frå folketrygda			
<input type="checkbox"/> Sjukepengar	<input type="checkbox"/> Attføringspengar	<input type="checkbox"/> Rehabiliteringspengar	<input type="checkbox"/> Uførestønad
<input type="checkbox"/> Yrkesskadeytingar	<input type="checkbox"/> Anna - spesifiser		
Legg ved vedtak frå NAV			
Er det søkt om trygdeytningar som følgje av skaden – korleis?			
7. Forsikring			
Kva forsikring har søkjær?			
<input type="checkbox"/> Reiseforsikring	<input type="checkbox"/> Ulukkesforsikring	<input type="checkbox"/> Uføreforsikring	<input type="checkbox"/> Forsikring i arbeidstilhøve
<input type="checkbox"/> Innbuforsikring	<input type="checkbox"/> Anna - spesifiser		Polisenr.
Er skaden meldt til forsikringsselskap? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Namn på forsikringsselskap			
Forsikringsytningar er tilkjent/utbetalt med kr			Legg ved forsikringsvedtak
8. Skadebotutbetaling frå skadevaldar eller Statens innkreivingsentral (SI)			
Kravd beløp kr	Idømt beløp i retten kr	Motteke beløp kr	Frå SI <input type="checkbox"/> Frå skadevaldar <input type="checkbox"/>
Om skadebot ikkje er kravd frå skadevaldar, oppge årsaka til dette			
9. Tilleggsopplysningar dersom det vert søkt om skadebot for tap i inntekt			
Søkjærar (og etterlatne) skal dokumentere påført tap i inntekt. Det bør leggjast fram kopi av likning(ar) for det året skaden fann stad, samt minst to føregåande år.			
Likning evt. anna dokumentasjon vedlagt for <input type="checkbox"/> Året etter skaden <input type="checkbox"/> Skadeåret <input type="checkbox"/> Året før skaden <input type="checkbox"/> To år før skadeåret			
10. Søknadsbeløp			
10.1 Økonomisk tap. Oppgje, spesifiser og dokumenter tap som følgje av skaden			
<input type="checkbox"/> Tap i inntekt			Beløp
<input type="checkbox"/> Tap framtidig inntekt			Beløp
<input type="checkbox"/> Tap av forsyttar			Beløp
<input type="checkbox"/> Utgifter til behandling (lege, tannlege, psykolog, o.a.)			Beløp
<input type="checkbox"/> Reiseutgifter i samband med behandling			Beløp
<input type="checkbox"/> Anna - spesifiser			Beløp
10.2 Skade på ting			
<input type="checkbox"/> Klede øydelagd som følgje av skaden (dokumenter tapet dersom det er mogleg)			Beløp
<input type="checkbox"/> Andre personlege bruksting, øydelagd som følgje av skaden (skildre og dokumenter tapet)			Beløp
10.3 Skadebot for varig mein. Ved søknad om skadebot for varig mein skal det leggjast ved spesialisterklæring			
Det vert søkt om skadebot for varig mein <input type="checkbox"/> Finnast spesialisterklæring? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>			
Evt. merknadar til søknaden			
10.4 Oppreising. Det kan verte tilkjent oppreising for den valdte tort og smerte og for anna krenking eller skade av ikkje-økonomisk art. Oppreisninga vert utmålt skjønnsmessig. Gje ei kort grunngjeving for søknaden. Bruk eige ark om nødvendig			
Det vert søkt om oppreising <input type="checkbox"/>			

11. Andre opplysningar – ytterlegare opplysningar kan òg gjevast på eige ark

12. Underskrift

Eg forsikrar at opplysningane i søknaden er riktige og er gjeve så fullstendige som det har vore mogleg.

Eg samtykkjer i at den myndigheit som skal avgjere søknaden, kan innhente utsegner frå lege, tannlege, psykolog m.v. og frå likningskontor, forsikringsselskap og arbeidsgjevar, fylkesmannen og liknande, om mine og eventuelt avlidne sine økonomiske tilhøve samt økonomiske og medisinske opplysningar frå sosialetaten og NAV.

Eg samtykkjer i at mitt krav mot skadevaldar går over på staten i den utstrekning staten utbetalar skadebot til meg.

Eg samtykkjer i at skadebot for tannlegebehandling, psykologbehandling m.v. kan betalast direkte til vedkomande behandlar, om eg ikkje legg fram kvittering som syner at beløpet er betalt av meg.

Søkjaren sjølv skal skrive under på søknaden.

Kontonummer

Stad og dato

Kontoinnehavar

Søkjar si underskrift

Rettleiing for utfylling av søknadsskjemaet

Pkt. 1

Namn og fødselsnummer skal alltid fyllast ut. Postadresse, telefonnummer og evt. e-post er viktig for kontakt seinare og korrespondanse. Når saka er handsama ferdig vil søkjar få vedtaket sendt til postadressa si, evt. til advokat.

Pkt. 2

Det er viktig at det ved søknadar som gjeld born som har opplevd vald mot nærstående, vert lagt ved skildring av saka. Legg òg ved skriftlege stadfestingar og anna dokumentasjon som finst.

Pkt. 3

For identifikasjon av straffesaka hos politiet er det nødvendig at dette vert fylt ut så godt som mogleg. Dersom skildring av den strafflagde handlinga følgjer av andre dokument som er lagt ved søknaden, som dom eller eignerklæring, er det ikkje nødvendig å skrive nærare om dette her.

Pkt. 4

Det er normalt eit vilkår for å få skadebot at saka er meldt til politiet. Før søknaden kan handsamast, vert politidokumenta i saka henta inn. Fyll ut når og kvar den strafflagde handlinga vart meldt til politiet. Alle saker som er meldt til politiet får eit nummer. Oppgje nummeret om du har det. Nummeret går mellom anna fram av «Bekreftelse på anmeldt forhold» som dei fornærma skal få tilsendt frå politiet. Dersom saka ikkje er meldt til politiet, ber Kontoret for voldsoffererstatning om at søkjar oppgjev årsaken til dette.

Pkt. 5

Omfang og varigheita av skaden vert gjeve kort greie for og dokumentert ved erklæring frå behandlande lege, sjukehus, tannlege, psykolog eller liknande.

Pkt. 6-7-8

Økonomiske ytingar som søkjaren har motteke eller har rett på som følgje av skaden, skal gå til frådrag ved utmålinga av valdsoffererskadebot. Dersom søkjaren har fått dekkja heile eller delar av sitt økonomiske tap gjennom forsikring, kan ein eventuell eigendel hos forsikringen verte søkt dekkja. Har søkjar motteke skadebot frå skadevaldar, oppgje beløpet samt grunnlaget for skadebota dersom dette ikkje er slått fast gjennom rettskraftig dom.

Pkt. 10

Når det gjeld det økonomiske tap som vert søkt dekkja, skal beløpet verte gjeve opp særskilt. Skadebotkravet må dokumenterast. Dette kan gjerast ved kvitteringar, avrekning frå arbeidsgjevar eller liknande. Dersom det vert søkt om skadebot for varig mein (pkt. 10.3), må det leggjast fram ei spesialisterklæring som slår fast søkjar sin medisinske invaliditet i prosent, drøftar varigheita av invaliditeten, samt tek stilling til årsaksammenhengen mellom invaliditeten, og den strafflagde handlinga. Det vert ikkje tilkjent skadebot for varig mein ved lågare invaliditetsgrad enn 15%. Ved utmåling av oppreisning (pkt. 10.4) vert det teke omsyn til den strafflagde handlinga, følgjane dette har fått for søkjaren samt praksis i liknande saker. Ved søknad om skadebot for varig mein og oppreisning er det ikkje nødvendig å oppgje søknadsbeløp.

Pkt. 12

Underskrifta tener òg som fullmakt frå søkjaren, og difor er det ikkje tilstrekkeleg at til dømes advokat skriv under.

Skadebot frå staten for personskade valde ved strafflagd handling

Voldsofferstatningslova tok til å gjelde 1. juli 2001, og gjeld for ei strafflagd handling som har funne stad etter denne dato. Det vart gjort endringar i voldsoffererstatningslova gjeldande frå 1. januar 2008. For tilhøve der den strafflagde handlinga fann stad i perioden 1. januar 1975 til 1. juli 2001 gjeld voldsofferforskrifta med særskilde overgangsreglar. Dette søknadsskjemaet skal nyttast uansett når den strafflagde handlinga fann stad. Meir informasjon om valdsoffererstatningsordninga får du hos Kontoret for voldsoffererstatning tlf. 78 98 95 00, e-post: post@voldsoffererstatning.no eller www.voldsoffererstatning.no

Søkjarar kan òg få bistand ved å ta kontakt med Rådgivningskontorene for kriminalitetsofre tlf. 815 20 077, www.kriminalitetsofre.no, eller ved å ta kontakt med Støttetelefonen for kriminalitetsofre tlf. 800 40 008.

1. Kven kan søkje skadebot

Den som vert skada ved ei strafflagd handling som nemnt i punkt 2.1 og 2.2 kan verte tilkjent skadebot frå staten. Born som har opplevd vald mot ein nærstående person etter 1. januar 2008, og dette er eigna til å skade bornet sin tryggleik og tillit, har òg rett til skadebot. Dersom den skadelidde døyr, har etterlatne som avlidne har forsyttaransvar for, rett til skadebot. Òg andre etterlatne kan få skadebot. Den skadevaldande handling må ha funne stad her i riket, på Svalbard, på norsk fartøy, boreplattform, luftfartøy eller anlegg for forskning eller utnytting av naturførekomstar på den norske del av kontinentalsokkelen. I særlege tilhøve kan det ystast skadebot for skade påført i utlandet, når den skadelidde på skadetidspunktet hadde bustad i Noreg.

2. Når kan du få skadebot

2.1 For handling som har funne stad i perioden 1. januar 1975 til 1. januar 2008 kan det gjevast skadebot til den som er vorten skadd som følgje av ei forsetteleg lekamskrenking eller anna strafflagd handling som har preg av vald eller tvang.

2.2 For handling som har funne stad etter 1. januar 2008 kan det gjevast skadebot til den som har lidd personskade som følgje av ei strafflagd handling som har krenka livet, helsa eller fridomen. Personskadene kan vere av både fysisk og psykisk art.

Skadebot kan ystast sjølv om skadevaldar er ukjent, død, er under 15 år, er strafferettsleg utilrekneleg, eller om det er overskriding av naudverje som er straffri etter straffelova § 48 fjerde ledd. Det kan verte tilkjent skadebot sjølv om saka vert henlagt, eller skadevaldar vert frifunnen i ei eventuell straffesak. Søkjaren må prove med klar sannsynsovervekt at han/ho er vorten utsett for strafflagd valdshandling. Skadebotkravet må leggjast fram for Kontoret for voldsoffererstatning innan tre år etter at den skadevaldande handling fann stad. Det er likevel tilstrekkeleg at søknaden vert lagt fram før skadevaldar sitt eventuelle straffeansvar er forelda etter reglane i straffelova, eller før skadelidde fyller 21 år. Foreldelsesfristen vert avbroten ved at søknad fremjast for Kontoret for voldsoffererstatning. Voldsofferforskrifta har ingen formell foreldelsesfrist. Dersom søkjaren har medverka til skaden ved eiga skuld, kan skadebota setjast ned eller falle bort i sin heilskap. Det vert ikkje ytt skadebot etter voldsoffererstatningslova for skader som går inn under bilansvarslova eller pasientskadelova.

3. Kva kan du få skadebot for?

3.1.1 Det økonomiske tapet

Skadebot for skade på person skal dekkje det allereie påførte tapet, og eventuelle framtidige tap, i til dømes inntekt, utgifter til behandlinga (eigendel) og reiseutgifter. Ordninga dekkjer òg skade på vanlege klede og personlege bruksting (briller, klokke og mobiltelefon) som den skadelidde hadde på seg då skaden skjedde. Ting og kontantar som er stolen frå søkjar, fell utanfor ordninga. Det vert gjort frådrag for skadebot søkjar har rett til/vil få frå anna hald, til dømes trygde- og pensjonsrettar, forsikring og utbetalt skadebot frå skadevaldar.

3.1.2 Skadebot for varig mein

Ved varig og betydeleg skade av medisinsk art, som følgje av den strafflagde handlinga, har søkjar rett til skadebot for varig mein, når den medisinske invaliditetsgraden er 15 % eller meir. Søkjar må leggje fram ei erklæring frå spesialist som slår fast medisinsk invaliditetsgrad, varigheit og årsakssamanhengen med den skadevaldande handlinga.

3.1.3 Oppreising

Den skadelidde kan få oppreising i form av ei eingongsskadebot for den «voldte tort og smerte».

3.1.4 Etterlatne

Ved dødsfall før lovendinga 1. januar 2008 har avlidne si(n) ektefelle/sambuar, foreldre og born rett til oppreising. Det kan ystast skadebot for vanlege utgifter i samband med gravferd og for tap av forsyttar. Søsken vert ikkje omfatta av personkretsen som har rett til skadebot. Ved dødsfall etter lovendinga 1. januar 2008, har avlidne si(n) ektefelle/sambuar, foreldre og born rett til skadebot for personskade etter reglane § 4 i lova. Søsken kan i særlege tilhøve verte tilkjent skadebot og oppreising.

Det vert ikkje gjeve skadebot for tap mindre enn kr 1 000. Øvre grense for den samla skadebot for kvart skadetilfelle er 20 gonger folketrygda sitt grunnbeløp på vedtakstidspunktet. Øvre grense er frå regjeringa si side føreslege økt til 40 gonger folketrygda sitt grunnbeløp, og dette skal gjelde for strafflagd handling som har funne stad etter 1. juli 2009. For skade valde ved strafflagd handling før 1. juli 2001, er øvre grense for den samla skadebotutbetalinga kr 200 000, og for handling før 1. januar 1994 er øvre grense kr 150 000.

4. Saksgangen

Det er eit vilkår for å få valdsoffererstatning, at saka er meldt til politiet. For strafflagd handling som har funne stad til og med 2007, er det òg eit krav om rask melding til politiet. For handling som har funne stad etter 1. januar 2008, er tidskravet teke vekk. Det er då tilstrekkeleg at melding til politiet er gjeve. Det er òg eit krav at søkjar har satt fram overfor påtalemakta eit krav om at skadebotskravet skal takast med i ei evt. straffesak mot skadevaldaren. I særlege tilfelle kan det verte gjort unntak frå både kravet til rask melding til politiet og skadebotkravet. Kontoret for voldsoffererstatning må stille sakshandsaminga i bero inntil straffesaka er endeleg avgjort. Etter lovendinga 1. januar 2008 kan det i særlege tilfelle, for søknadar fremja etter lovendinga, verte dekkja utgifter til innhenting av erklæring frå lege, tannlege, psykolog og liknande som er nødvendig for å klargjere saka i samband med sakshandsaminga. Nødvendig bistand av advokat kan etter gitte vilkår, dekkjast i form av fri rettshjelp. Fylkesmannen gjev nærare opplysningar om dette og forvaltar rettshjelpsordninga. Det er viktig at søkjaren gjev så fullstendige opplysningar som mogleg. Krav om skadebot for økonomiske tap og tingskader må dokumenterast med kvitteringar evt. på anna måte. Helsemessige følgjer av valdsskaden må òg dokumenterast med legeerklæring. Skadebota kan krevjast tilbakebetalt om søkjaren gjev uriktige opplysningar eller held attende informasjon om tilhøve av verdi for utbetalinga eller får dekkja sitt krav på anna måte. Oppgjeven skadevaldar er ikkje part i skadebotsaka og vert ikkje varsla om denne. Staten krev regress frå skadevaldar i alle saker der det er dom, påtalefråfall eller vedteke førelegg. Ved handsaming av regress-saka er skadevaldar part, og har rett til innsyn i saksdokumenta.

5. Klage

Avgjerd i skadebotsaka kan klagast på til Erstatningsnemnda for voldsofre. Klagen vert sendt Kontoret for voldsoffererstatning. Kontoret for voldsoffererstatning kan endre sitt vedtak i saka eller sende saka til nemnda for endeleg avgjerd. Søkjaren kan be om å få eit personleg møte med ein sakshandsamar i Statens sivilrettsforvaltning som er sekretariat for Erstatningsnemnda for voldsofre. Kostnadar i samband med klage kan dekkjast etter forvaltningslova § 36 dersom vedtaket vert endra til gunst for klagar i klageomgangen.